

## Informasjon om rekneskapsrapportering for 2018

Fristen for rapportering er 1. juni 2019.

### Kvifor må eg rapportere rekneskap?

Alle foreningar som er godkjent som lotteriverdig organisasjon etter lotterilova § 4 må rapportere rekneskap. Sjølv om Lotteritilsynet har gitt dispensasjon frå kravet om rekneskap og revisjonsplikt etter lotterilova, er det likevel eit vilkår at organisasjonen årleg rapporterer sentrale rekneskapstal frå årsrekneskapen sin til Lotteritilsynet på fastsett skjema. Ver merksam på at manglande rapportering fører til at organisasjonen si godkjenning, og lotteriløyve, blir kalla tilbake/sletta.

### Kva skal eg rapportere?

Organisasjonen sine samla inntekter og utgifter i 2018 skal rapporterast. I tillegg skal overskot frå eventuelle lotteri / bingo spesifiserast på skjemaet. Plikta til å rapportere gjeld sjølv om foreninga ikkje hadde lotteri eller bingo i fjor. Vidare ber vi om ei kort oversikt av korleis lotteriinntektene vart disponert i rekneskapsåret. Ved avvikande rekneskapsår, skal du rapportere frå rekneskapen som vart avslutta i 2018.

### Korleis skal eg rapportere?

Frå 13. februar 2019 kan du levere rekneskapskjemaet elektronisk gjennom [nettsida vår](#). Den elektroniske løysinga er knytt direkte til Altinn-portalen. Du kan også gå direkte inn på [www.altinn.no](http://www.altinn.no) og søkje fram Lotteritilsynet sine skjema.

Du skal i Altinn nytte følgjande skjema:



Lotteri- og stiftelsestilsynet  
**Pliktig rekneskapskjema for godkjente lotteriverdige organisasjonar** LT-R-001  
Organisasjonen sine samla inntekter, utgifter og overskot frå eventuelle lotteri/bingo skal rapporterast. Plikta til å rapportere gjeld sj...

Alternativt kan du laste ned papirversjon av skjema på [www.lottstift.no](http://www.lottstift.no).

Lotteritilsynet oppmodar alle organisasjonane om å rapportere elektronisk.

**NB!** Du skal ikkje sende inn andre dokument enn ferdig utfylt rekneskapskjema.

### Får eg tilbakemelding?

På [nettsida](#) kan du finne ut om rekneskapsopplysningane er registrert hos oss eller ikkje. Ved elektronisk rapportering via Altinn får du straks kvittering etter at opplysningane er registrert og sendt. Vidare vil rekneskapsdata på nettsida vår vere oppdatert dagen etter.

Vi gjer merksam på at ved rapportering med papirskjema kan det ta inntil to veker før rekneskapsdatabasen er oppdatert og de vil få kvitteringsbrev.

Postadresse	Kontoradresse	Telefon	Organisasjonsnummer
Lotteri- og stiftelsestilsynet	Storehagen 1 B	57 82 80 00	982 391 490
Postboks 800	6800 Førde	<b>Telefaks</b>	<b>E-post</b>
6805 Førde		57 82 80 80	postmottak@lottstift.no

### **Kvar finn eg skjemaet?**

På [www.lottstift.no](http://www.lottstift.no) vel du lenke for rekneskapsrapportering som fører deg til rett påloggingsbilete i Altinn. Dersom du er ukjend med bruk av Altinn-portalen anbefaler vi [www.altinn.no](http://www.altinn.no) for informasjon om pålogging og elektronisk rapportering. Du kan få hjelp av Altinn brukarservice: tlf. 75 00 60 00.

### **Kven i organisasjonen kan rapportere?**

Den som er registrert i Enhetsregisteret som dagleg leiar eller er styremedlem i organisasjonen, har fullmakt til å levere elektronisk skjema gjennom Altinn. Dagleg leiar/styreleiar for organisasjonen kan delegere fullmakt. Endring av opplysningar i/om organisasjonen, må rettast til Brønnøysundregistra på [www.brreg.no](http://www.brreg.no) eller tlf. 75 00 75 00.

Det er viktig at opplysningar om organisasjonen til ei kvar tid er korrekte i Enhetsregisteret i Brønnøysund.

**HUGS: Fristen for rapportering er 1. juni 2019.**

Med helsing  
Lotteritilsynet